



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 02.09.2019

Sak nr.: 19/684-4
Internt l.nr.: 44801/19

Sak: 42/19

Tittel: Reglement for kontrollutvalet

Behandling:

**Kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.

Endringsframlegg som kom fram i fellesmøtet mellom kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune:

Det kom endringsframlegg til punkt 1, tredje kulepunkt. Teksten vart endra til:

- Leiar og fleirtalet i kontrollutvalet skal ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som fylkesordføraren

Endringa vert implementert i reglementet før det vert sendt til fellesnemnda.

Avrøysting:

Tilrådinga frå kontrollsjefen i Vestland fylkeskommune og endringsframlegget som kom fram i møtet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Kontrollutvalet rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.